

Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Utbetaling av tilretteleggingsmidlar hausten 2017 – Vidareutdanning for barnehagelærarar

Statsbudsjettet for 2017 vart vedteke av Stortinget i desember 2016.

Denne utbetalinga gjeld tilretteleggingsmidlar for barnehagelærarar i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i dykkar kommune, som tek vidareutdanning studieåret 2017/2018. Direktoratet ber om at kommunen som barnehagemyndigheit utbetaler tilretteleggingsmidlar til barnehagane det gjeld.

Utbetaling av tilretteleggingsmidlar for hausten 2017 er basert på:

- Barnehageeigaren si godkjenning av søknader frå barnehagetilsette om studieplass studieåret 2017/2018.
- Barnehageeigaren si stadfesting i søknads- og oppfølgingssystemet om at barnehagelærarar er tekne opp til studiet dei har søkt på, og takka ja til å delta på studiet.

Oversikt over kva for barnehagelærarar utbetalinga gjeld, finn de i søknads- og oppfølgingssystemet på <http://komp.udir.no/extranet>. Merk at kommunen har to roller i dette systemet:

- *Søknadsbehandlar* for å behandle søknader frå barnehagelærarar i kommunale barnehagar
- *Barnehagemyndigheit* for å utbetale tilretteleggingsmidlar til vidareutdanning for barnehagelærarar i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i kommunen.

For å få oversikt over kven utbetalinga i dette brevet gjeld, må de velje modulen «Vidareutdanning barnehagetilsette 2017» under overskrifta «Barnehagemyndigheit».

- Tilretteleggingsmidlane er berekna ut frå opplysningar per 20.11.2017.
- Dersom deltakaren har trekt seg etter studiestart, vil barnehagen få avkorta utbetalinga av tilretteleggingsmidlane.
- Barnehagelærarar som er godkjende av barnehageeigaren, men som ikkje har fått tilbod om å delta på studiet, står oppført med status «Avslått av Utdanningsdirektoratet». Det blir ikkje gitt tilretteleggingsmidlar for desse.

I vedlegget finn de oversikta over barnehagar og barnehagelærarar som danner grunnlaget for utbetalinga. Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Lindås kommunekontonummer32010589311:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Tilretteleggingsmidler	25000,00	Jul-Des	—	25 000,00
Totalt:	25000,00			25 000,00

Utbetalinga er merkt «Barnehage - tilretteleggingsmidler videreutdanning».

Vilkår for utbetalinga

Postadresse:
Postboks 9359 Grønland, 0135 Oslo
Besøksadresser:
Schweigaards gate 15 B, Oslo
Britveien 4, Molde
Parkgata 36, Hamar

Telefon:
+47 23 30 12 00
Telefaks:
+47 23 30 12 99

E-post:
post@utdanningsdirektoratet.no
Internett:
www.utdanningsdirektoratet.no

Bankgiro:
7694 05 10879
Org.nr.:
NO 970 018 131 MVA

Tilretteleggingsmidlane skal utbetalast til barnehagane det gjeld. Barnehagen får 50 000 kroner for tilsette som tek 30 studiepoeng over to semester studieåret 2017-2018. Utbetaling for hausten 2017 er på 25 000 kroner. Vi tek sikte på utbetaling for våren i juni 2018.

Tilretteleggingsmidlane skal komme den tilsette som studerer, til gode. Tilsette kan blant anna ha behov for permisjon med lønn. Midlane kan også brukast til å dekkje vikarutgifter når den tilsette er på studiesamlingar, kjøp av bøker, betaling av reiseutgifter, opphaldsutgifter og semesteravgift.

Utbetaling av tilretteleggingsmidlar våren 2018

Utbetaling av tilretteleggingsmidlar for våren 2018 føreset at barnehageeigaren/ leiaren i ikkje-kommunale barnehagar, stadfestar at barnehagelæraren fortset på studiet i vårsemesteret. Barnehageeigaren/ leiaren i ikkje-kommunale barnehagar har plikt til å registrere i søkjesystemet om den tilsette sluttar på studiet.

Tilsegn om midlar er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2017.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom barnehageeigarar ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/pedagoger-barnehage/tilretteleggingsmidler-for-barnehageeiere/>

Vennleg helsing

Anne Magdalena Solbu Kleiven
avdelingsdirektør

Bente Kristin Risan
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Oversikt over barnehagelærarar som utgjer grunnlag for utbetaling